

ETNE KONTROLLUTVAL

PROTOKOLL

Måndag **20. november 2017** blei det halde møte i Etne kontrollutval under leiing av utvalsleiar Ståle Tungesvik.

MØTESTAD:	Etne Tinghus, formannskapssalen
MØTESTART/-SLUTT:	kl. 13.00 – kl. 14.45
MØTANDE MEDLEMER:	Ståle Tungesvik (Sp), Ivan Kaldheim (H), Anna Eriksen (Frp) og Ragni S. Fett (V)
MØTANDE VARAMEDLEM:	2. vara Nina Vierdal Vee (Sp)
FORFALL	Sigve Sæle (Sp) – innvilga fritak til 31.12.17, 1.vara Pål S. Rullestad (Ap) – møter fast for Sæle
FRÅ SEKRETARIATET MØTTE:	Rådgjevar Odd Gunnar Høie, Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS
FRÅ REVISJONEN MØTTE:	Forvaltningsrevisor Frode Løvlie og Kjersti Gjuvsland, Deloitte AS
ANDRE SOM MØTTE:	Rådmann Pål Nygård i sak 18
MERKNADER TIL INNKALLING:	Ingen
MERKNADER TIL SAKLISTE:	Sakene blei handsama i denne rekkefylgja: 18, 16, 17, 19 og 20

FØLGJANDE SAKER BLEI HANDSAMA:

SAK 16/17 GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTE 02.10.17

Sekretariatet si innstilling:

Protokollen frå møte i kontrollutvalet 02.10.17 blir godkjent slik han ligg føre.

Handsaming i kontrollutvalet 20.11.17:

Leiar gjekk igjennom protokollen.

Protokollen blei godkjent utan merknader.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 20.11.17:

Protokollen frå møte i kontrollutvalet 02.10.17 blir godkjent slik han ligg føre.

SAK 17/17 REFERAT- OG ORIENTERINGSSAKER 20.11.17

30. Statusrapport pr. november 2017
31. Haustkonferansen i regi av Forum for kontrollutval i Rogaland – 30.11.17
32. K-styrevedtak 17.10.17, sak 54 /17 – rapport om Sjukefråvær
33. K-styrevedtak 17.10.17, sak 48 /17 – suppleringsval til kontrollutvalet
34. Innkalling til representantskapsmøte 29.11.17 – HIM IKS
35. Når kommunestyret har hastverk – Kommunal Rapport 16.10.17
36. Legemeldt sjukefråvær – 1. halvår 2017 – kommunar på Haugalandet

Handsaming i kontrollutvalet 20.11.17:

Sekretær gjorde greie for referatsakene. Utvalet hadde ingen merknader.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 20.11.17:

Referatsakene 30 - 36 vert tatt til orientering.

S. Tungesvik og R. S. Fett er påmeldt til haustkonferansen i Sandnes.

SAK 18/17 ORIENTERING OM FRAMLEGGET TIL BUDSJETT 2018 OG ØKONOMIPLAN 2018 - 2021

Sekretariatet si innstilling:

Etne kontrollutval tar rådmannen sitt framlegg til budsjett for 2018 og økonomiplan 2018 - 2021 til orientering.

Handsaming i kontrollutvalet 20.11.17:

Rådmannen gjorde greie for framlegget og viste ein presentasjon. Han orienterte om bakteppe for budsjettet og innverknaden av statsbudsjettet. Vidare gjorde han greie for dei økonomiske føresetnadene, dei frie inntektene og store inntektspostar, ulike satsingsområde og investeringar. Lånegjelda vil auke dei neste åra, men det er framlegg om å nytta fond for å redusera gjelda. Han gjorde også greie for tertialrapportane for 2017, folketalsutviklinga og alderssamansetning. Rådmannen svara på spørsmål om mellom anna driftskostnadar til nytt omsorgssenter, budsjett disiplin, bruk av fond og innsparingsplanar.

Utvalsleiar takk for ei god orientering.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 20.11.17:

Etne kontrollutval tar rådmannen sitt framlegg til budsjett for 2018 og økonomiplan 2018 - 2021 til orientering.

SAK 19/17 TINGING AV NYTT FORVALTNINGSREVISJONS-PROSJEKT – «IKT OG INFORMASJONSTRYGGLEIK»

Sekretariatet si innstilling:

Etne kontrollutval tingar ein forvaltningsrevisjonsrapport om «IKT og informasjonstryggleik» i samsvar med vedlagte prosjektplan/og med dei endringane som kjem fram i møtet.

Oppdraget tingast frå Deloitte AS innanfor ei rame på totalt 386 timar i samarbeid med Vindafjord kontrollutval med ei 50/50 fordeling av kostnaden.

Handsaming i kontrollutvalet 20.11.17:

Forvaltningsrevisor Løvlie gjorde greie for prosjektplanen. Han gikk gjennom føremål, problemstillingar, avgrensingar og metode. Revisor vil utarbeid to rapportar, ein til kvar av kommunane.

Utvalet hadde ingen særskilte merknader og slutta seg til planen slik den var framlagd.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 20.11.17:

Etne kontrollutval tingar ein forvaltningsrevisjonsrapport om «IKT og informasjons-tryggleik» i samsvar med vedlagte prosjektplan.

Oppdraget tingast frå Deloitte AS innanfor ei rame på totalt 386 timar i samarbeid med Vindafjord kontrollutval med ei 50/50 fordeling av kostnaden.

SAK 20/17 FRAMLEGG TIL MØTEPLAN FOR 2018

Sekretariatet si innstilling:

Kontrollutvalet i Etne vedtar følgjande møteplan for 2018:

Måndag kl. 13.00: 19.02, 14.05, 17.09, 19.11.

Utvalssekretær kan i samråd med leiar endre møtedato om det vert naudsynt.

Handsaming i kontrollutvalet 20.11.17:

Utvalet slutta seg til framlegget.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 20.11.17:

Kontrollutvalet i Etne vedtar følgjande møteplan for 2018:

Måndag kl. 13.00: 19.02, 14.05, 17.09, 19.11.

Utvalssekretær kan i samråd med leiar endre møtedato om det vert naudsynt.

EVENTUELT

Ingen saker blei meldt.

Neste møte: måndag 19.02.18, kl. 13.00

Etne/Aksdal, 20. november 2017

Ståle Tungesvik
Kontrollutvalsleiar

Odd Gunnar Høie
Utvalssekretær